



ICARE2 – INFO SOMMAR 2016



50 barn får hjelp til skulegong gjennom Icare2

I 2016 er det 50 barn som får hjelp til å dekke utgifter i samband med skulegong gjennom Icare2. 19 av desse er på barne-skuletrinnet, 28 på ungdomsskule og tre på høgskule/universitet.

95% til formålet = Icare2

Icare2 har som formål at mest mogleg av innsamla midlar skal nå fram. Fokus på låge administrasjonskostnader og frivillig arbeid er oppskrifta på ein høg føremålsprosent. Sjekk Icare2 (Initiative for Childrens Right to Education) på: www.innsamlingskontrollen.no

Icare2 = naturalytingar

Barna i Cebu City vert følgt opp av vår partner Rise Above, der dei får mellommålskupongar, lunsj, skuleuniform, ransele, treningstøy, skotøy, bøker og dekning av skule-/prosjektpengar. Familiane til barna i Moalboal får ris og hermetikk sidan desse ikkje kan følgjast opp med måltider på dagleg basis. Barna i Magsaysay, Negros Oriental, vert følgt opp av ei eigen Icare2-avdeling i Geuhulngan, og møter kvar morgon hos mama Jodjie for lunsj og mellommåls pakker.






Mervic Amporado får hjelp til collegestudier

Merivic har vore med i programmet sidan ho begynte på ungdomsskulen. Far hennar er fiskar og mora er heimearbeidande husmor. Ho er skuleflink og har gode karakterar. Det er derfor viktig at ho kan få ei god yrkesutdanning. Ho studerer industridesign ved Cebu Technological University, Moalboal Campus, og er fast bestemt på å skaffe seg ei utdanning som kan hjelpe henne og familien ut av fattigdom.

Økonomi I 2015 var inntekta NOK 145 199, og Icare2 hadde eit overskot



på NOK 21 831. Bidraget frå faste givarar var 39 %. Saman med årleg solidaritetsgåve frå Forskarforbundet ved NINA utgjør desse 76% av inntektene. Varierende kronekurs og ytingar til akutt naudhjul ved katastrofehendingar gjer det viktig å opparbeide ein viss økonomisk buffer.

Icare2 treng fleire faste givarar!

I dei komande åra vil fleire av elevane i programmet bli aktuelle for høgskule eller universitet. Høgskule- og universitetsutdanning på Filippinane er vesentleg meir kostbart enn barne- og ungdomsskuleutdanning. Ein svak kronekurs den siste tida har i tillegg ført til 35 % auke i kostnader. Icare2 har som mål å vera føreseieleg og langsikta. Å få fleire faste givarar vil derfor vera ein nøkkel til å kunne hjelpe fleire til å gjennomføre skulegong og yrkesutdanning.

Takk for din støtte og god sommar og haust!
